

Samferdseldepartementet

Postboks 8010 Dep
0300 Oslo**Dato**
28.06.2016**Nasjonal transportplan 2018 – 2029 – Sogndal kommune sitt høyringssvar**

Nasjonal transportplan omtalar mål og prinsipp som regjeringa legg til grunn for sin transportpolitikk. Planen gjeld i ti år og blir revidert kvart fjerde år. Transportetatane og Avinor sitt grunnlagsdokument vart lagt fram 29.2.2016 og samstundes sendt på høyring med frist 1. juli 2016. Grunnlagsdokumentet utgjer dei samla faglege anbefalingane og vurderingar gjort av transportetatane. Tiltaka er prioritert og fordelt etter samfunnsøkonomiske vurderingar og prinsipp.

Sogndal kommune ønskjer å kome med følgjande innspel til samferdsledepartementet fylkeskommune til grunnlagsdokumentet for NTP 2018-2029:

Transportkorridor 5

Rv 5. representerer eit hovudsamband i fylket og er ein viktig del av transportkorridor 5, med samanbinding mellom E 39 og E 16. Vegen går gjennom Sogndal sentrum. Sogndal kommune meiner det i NTP 2018-2029 må setjast av midlar til planlegging av omlegging av rv. 5 gjennom Sogndal sentrum slik at trafikken vert leia utanom sentrum. Kommunen meiner også at det må setjast av midlar planlegging og utbygging av tunnel mellom Hagalandet og museet. Dette er ein strekning med mange trafikkulykker. Det er også eit stort behov for å betra tilhøva for mjuke trafikantar langs rv. 5 gjennom Sogndal sentrum og utbygging av undergang for kryssing av rv. 5 på Kaupanger.

Hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet:

Sogndal kommune støttar regjeringa sin langsiktige utviklingsstrategi med to hovudsamband mellom aust og vest. Statens vegvesen si klare tilråding er tunnel frå Borlaug til Bjøberg og ei vidare opprusting av rv 52 Hemsedalsfjellet, med tilkopling av rv 5 og ferjefritt samband Mannheller-Fodnes.

Det er store regionale effektar ved å velja eit hovudsamband over Hemsedal med arm til rv 5. Hovudsambandet er eit godt alternativ for trafikk frå nordvestlandet, og vil vere ei viktig regionforstørring som inkluderer deler av Hordaland og Møre og Romsdal samt vårt fylke. Rv 134 som den eine traséen og rv 52/rv5 som den andre traséen vil sikra at dei to hovudsambanda tener heile Vestlandet. I tillegg vil rv.5 vere med og binde saman E16 og E39.

Sogndal lufthamn – Haukåsen

Sogndal lufthamn – Haukåsen er ein svært viktig del av samferdsletilbodet i Sogn, og gjev effektiv transporttenester frå Sogn til Oslo og Bergen. Flyplassen er eit naudsynt tilbod for mange verksemdar lokalisert i Sogn og for utvikling av reiselivet. Trafikken på flyplassen har over tid vore jamt aukande. Det er viktig for næringslivet og sysselsetjinga i Sogn at flyplassen vert satsa vidare på, med etablering av natt-stasjonert fly og auka flykapasitet og frekvens.

Med helsing

Jarle Aarvoll
ordførar*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*